

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Helga Ellingsen	FE - 231	17/75

Saknr	Utval	Type	Dato
012/2017	Formannskapet	PS	09.02.2017

Eigenbetaling for nettverk i omsorgsbustad

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune tilbyr bruk av nettverk i kommunale omsorgsbustadar når dette er utbygd. Eigebetaling for nettverk blir kr. 250,- pr. mnd.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Masfjorden kommune held på å legge til rette for fiber/ nettverk i alle omsorgsbustadane i kommunen. Dette er gjennomført fordi heimetenesene treng tilgang til nettverk når dei er heime hjå brukarar, og for å legge til rette for bruk av omsorgsteknologi i framtida.

Når kommunen har lagt til rette med fiber/ nettverk i omsorgsbustadane, kjem det og spørsmål frå brukarar om å kople seg til og nytte kommunalt nettverk. Helse og omsorg opplever at den brukargruppa som får innvilga omsorgsbustad er i endring. Det er fleire yngre brukarar, men og mange eldre brukarar som ynskjer å bruke internett. I dag har enkelte av dei som bur i omsorgsbustad privat avtale om nettverk, mens andre ikkje har avtale om internett. Dei som flyttar inn i omsorgsbustad etterspør nettverkstilgang. For å imøtekomme behov hjå nye brukargruppe i omsorgsbustadar, ynskjer kommunen å legge til rette for at dei kan nytte det kommunale nettverket. Dette vil kun gjelde omsorgsbustadar som blir tildelt etter søknad på helse og omsorgstenester.

Vurdering:

Masfjorden kommune har utgifter med å legge til rette nettverk i bustadane, samt vedlikehold og utgifter til service gjennom IKT NH. Utifrå dette har kommunen vurdert at skal dei som vil knytte seg på kommunen sitt nettverk må det gjerast gjennom eigenbetal for bruk av nettverk. Det vil ikkje bli service på nettverket viss det skulle oppstå feil på kveld/ natt og helg. Utifrå servicetilgang har rådmann vurdert at kr. 250,- pr. mnd. vil vere ein riktig pris.

Kommune vil innarbeide at eigenbetaling for nettverk i husleigekontrakt for omsorgsbustadar, der legetakar kan kryss av for om ein vil ha omsorgsbustad med nettverk eller utan. Eigenbetaling for nettverk vil komme i tillegg til husleige. På denne måten kan den legetakar gjere eit val om ein vil ha nettevork og nytte kommunalt internett, eller inngå avtale med privat leverandør. For dei som alt bur i omsorgsbustadane vil kommunen lage ein avtale på lik linje med andre avtalar i pleie og omsorg

som har eigenbetaling.

Konklusjon

**Masfjorden kommune tilbyr bruk av nettverk i kommunale omsorgsbustadar når dette er utbygd.
Eigebetaling for nettverk blir kr. 250,- pr. mnd.**

Formannskapet - 012/2017

FS - behandling:

Ordfører Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

**Masfjorden kommune tilbyr bruk av nettverk i kommunale omsorgsbustadar når dette er utbygd.
Eigebetaling for nettverk blir kr. 250,- pr. mnd.**